

Pølsefest vart også marsipanfest - SPAR til topps!

03.02.2012



4 generasjonar i arbeid i dag: Hjørdis, Gunn Mari, Kathrine og Hjørdis

SPAR baud inn til pølsefest i dag for å markera at bygda har auka med 33 innbyggjarar i fjar og kome opp i 1061. Det var eit vellukka tiltak, men det stoppa slett ikkje der.

Pølsefesten vart også ein marsipanfest og den var ikkje planlagd.

Frå kjedekontoret i Bergen kom ei kjempekake fordi suksessbutikken for tredje gong har gått til topps på service blant SPAR-butikkar i heile landet. Det mangla berre at festen også vart ein kombinert sol- og snøfest. når no sola har kome att og det fyrste store snøfallet er eit faktum.



Familiane Arnesen og Hansen er fornøgde kundar - her saman med Gunn Mari Moberg

Pølsefesten, i regi av Gunn Mari Moberg i likhet med marsipanfesten, var for å slå fast at vi bur i ei triveleg bygd. Mange stakk innom for å markera kvifor det er så triveleg her og dei hadde også sjansen til å gjera det skriftleg på ein stor plakat.

Svara var interessante men ikkje overraskande, kanskje med unnatak av det heilt aktuelle: SNØ!

Ellers var svara i starten av dagen skulen, butikken, Festidalen og båt- og gjestehamna.

Ikkje overraskande var marsipankaka meir populær enn pølsene og den vart supplert med tal som ein berre må kalla imponerande.

SPAR i Uskedalen kunne for det første oppvisa ein oppsiktsvekkande høg svarprosent på kundeundersøkinga for 2011, nemlig 37. medan den var 26 på landsbasis. Butikken fekk ein totalscore på 5,31 framfor SPAR Storøya med 5,26 og SPAR Byrkjelo med 5,25.

Servicenivået til vår butikk er imponerande, slår kjeden fast. Kundane gjev ein snittscore på heile 5,91 (maksimalt 6) på spørsmålet om kor vennlege og serviceinnstilt betjening det er i butikken. Dei svarar i snitt 5,86 på kor velkomne dei kjenner seg og 5.80 på kor lett det er å få hjelp.

Dette er tredje gongen SPAR Uskedalen plasserer seg på toppen.

2 gongar har dei vore nummer 2 etter SPAR
på Seimsfoss og 1 gong nummer 3

Det er ikkje mykje kundene deira ikkje er fornøgde med, Dei er minst fornøgde med snopet 'som ein må halda ungane borte frå' og at døra ikkje er automatisk.

Betre plass mellom reolane er eit anna ynskje og Gunn Mari Moberg seier at døra i nybygget blir automatisk og at det også blir betre plass. Men snopet vil nok framleis vera eit problem for nokon....

Det var i alle fall ei solid innrykk både av eldre og yngre i dag og det var ikkje minst grunn til å setta kryss i taket ved at 4 generasjonar var i arbeid mellom reolane. Dei var Hjørdis (80), Gunn Mari (45), Kathrine (25) og Hjørdis (1 1/2).

Her blir det sanneleg halde liv i familietradisjonane!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Iselin S. Myklebust likar pølse. Ho er snart 4.